

## INFORMASJON TIL ELEVAR OG FØRESETTE FREDAG 03.04.20

Kjære elevar og føresette. Vi har vore igjennom tre utfordrande veker med store endringar for både dokke elevar, foreldre og tilsette. I det store og heile har dette gått over all forventning. Så er det slik at vi er ulike som individ og vil sjølvstekt kunne oppleve slike store og brå endringar svært ulikt.

Vi har eit dyktig rådgivarteam til disposisjon og oppmodar , elevar og føresette, om å ta kontakt dersom de kjenner på behov for meir oppfølging. Har de spørsmål oppmodar vi om å ta kontakt.

Vi har med oss dine tilbakemeldingar som elev når vi skal planlegge vidare etter påske. Eg oppmodar om at dei som ikkje alt har svart på spørjeundersøkinga om *korleis de har opplevd omlegginga til heimeundervisning*, som ligg i Teams, gjer det.

Vi vil prøve å redusere arbeidsmengd og tid framfor PC i på-logga videokonferanse-modus. Samstundes er det viktig å hugse på at de må vere aktive i læringsarbeidet for at lærar skal kunne ha eit vurderingsgrunnlag.

- Onsdag 8.april presenterer regjeringa kva tiltak som skal halde fram etter påske. Vi håper det kjem klar melding på kor lenge skulane skal vere stengde, i kva grad dei skal vere stengde, om munnleg/praktisk eksamen m.m.
- Timeplan: Ved stenging av skulen etter påske vil vi i første omgang halde fram med ordinær timeplan, MEN vi vil starte med å redusere litt på møtepunktta i nokre fag.

Det betyr at i fag som ligg fordelt på timeplanen med 2+2+1 timar eller 2+1 time, kuttar vi oppmøtepunkt i enkelttimen i desse faga.

Faga som ligg fordelt med 2+2 timar køyrer framleis desse to møtepunktta.

- Prøveplan: Som ei følgje av at all skriftleg eksamen er avlyst vil vi forskyve fagdagar ut i mai. Det betyr at det ikkje blir fagdagar i april. Ein justert prøveplan vil vere klar onsdag 8.april.

### Viser elles til tidlegare utlagt informasjon:

26.03. Sist oppdatert informasjon om avlyst skriftleg eksamen, om Vestland fylkeskommune sin støttetelefon 51 20 71 21 der elevar kan ta kontakt med fagpersonar, med meir. På skulen si heimeside

22.03. Informasjon frå Vestland fylkeskommune om heimeskule og fråvær, i Teams.

17.03. Brev til russen frå Vestland fylkeskommune. I Teams.

- 15.03. Informasjonsskriv til elevar og føresette om det praktiske rundt oppstart av nettundervisning 16.03. Lagt ut i Teams.
- 12.03. Informasjon til elevar og føresette på skulen si heimeside, på Skulen si Facebookside og Teams.
- 12.03. Informasjon frå Vestland fylkeskommune om stenginga av skulane, på Skulen si heimeside.

**Dersom du treng nokon å prate med er her nokre tips:**

- Vestland fylkeskommune sin støttetelefon betjent av fagpersonar, telf: 51 20 71 21 (måndag - torsdag 12.00-18.00)
- Mental helse sin døgnopne hjelpetelefon, telf: 116 123
- Skrivarløa (Sunnfjord kommune) sin digitale ungdomsklubb DiSCORD (App)

**Nokre sentrale nettsider for å halde seg oppdatert:**

<https://www.regjeringen.no/no/tema/koronavirus/id2692388/>

<https://www.vestlandfylke.no/>

<https://www.fhi.no/>

**Vil med dette få ynskje alle elevar og føresette ein god påskeferie!  
Ta godt vare på kvarandre!**

Nina Bygstad  
-rektor-